

From: [Einar Rysjedal](#)
To: ["postmottak@kud.dep.no"](mailto:postmottak@kud.dep.no)
Subject: Oppretthald mest mogleg søndagsfri for flest mogleg
Date: 24. juni 2015 19:07:00

Raudt Høyanger vil med dette kort og godt gå mot søndagsopne butikkar.

Me meiner at søndagsarbeid må avgrensast til det nødvendige – dvs. offentlege og private verksemdar som er avhengig av kontinuerleg drift.

Om det er butikkar som vil vere tente med søndagsopne er det dei store kjedene sine butikkar i byar og større tettstader. Det vil såleis styrke sentraliseringa. Søndagsopne vil også bety meir transport og dermed ei større påkjenning på naturmiljøet.

Me tykkjer det er bortimot uforståeleg at FrP/H-regjeringa går inn for søndagsopne når til og med arbeidsgjevarorganisasjonar går mot dette.

Snu i tide, seier me.

Med helsing
Raudt Høyanger

Einar Rysjedal, leiar
Adr.: Gunnar S. veg 4D, 6993 HØYANGER
Tlf.nr.: 57 71 25 90 el. 992 41 276